

Maritime CleanTechs høyringsssvar – endring av klimaloven (nytt klimamål for 2035)

Om Maritime CleanTech

Maritime CleanTech samlar aktørar frå heile den maritime verdikjeda for å utvikle og implementere berekraftige løysingar i skipsfartsnæringa. Med over 150 partnerar, inkludert skipsverft, teknologileverandørar, forskingsinstitusjonar og operatørar, arbeider vi for å fremje innovasjon, redusere utslepp og skape framtidretta teknologiar som kan bidra til nullutslepp i skipsfarten. Vår visjon er å bidra til å avkarbonisera skipsfarten globalt og styrke Noreg som ein global leiar innan grøn skipsfart.

Klimalova legg føringar for korleis Noreg skal nå sine klimamål og sikre ei grøn omstilling i alle sektorar. For skipsfartsnæringa er det avgjerande at lova støttar utviklinga og bruken av nullutsleppsteknologi. Vi ser det som vårt ansvar å bidra til at lova reflekterer både klimautfordringane og moglegheitene som finst i den maritime næringa.

Som ei klynge som jobbar tett med industri, forskning og politikk, er Maritime CleanTech ein sentral aktør i å realisere nullutsleppsmål i skipsfarten. Me har i dag ei prosjektportefølje med fleire banebrytande teknologiprojekt med støtte frå EU, der me dei siste åra har henta over 1 milliard kroner til grøn maritim næringsutvikling. Desse prosjekta inkluderer utvikling av hydrogen- og ammoniakkbasert drivstoff, batteriteknologi, vindteknologi og digitale verktøy som reduserer klimautslepp. For at desse løysingane skal kunne bli tatt i bruk i stor skala, er det viktig med ein tydeleg og ambisiøs klimalov som støttar denne utviklinga.

For heile den maritime industrien er det avgjerande at klimalova og klimapolitikken gir føreseielege rammer og insentiv som fremjar grøn innovasjon og industriutvikling. Som eit næringsmiljø som lykkast me å realisere utsleppsreducerande aktivitetar som akselererer det grønne skiftet, ser me kor viktig det er med klare og målretta politiske signal. Den maritime næringa har eit enormt potensial til å redusere utslepp, men det krev samarbeid mellom styresmakter, næring og forskning.

Maritime CleanTechs synspunkt og innspel til ny klimalov

Nytt klimamål med bruk av fleksible mekanismar

Noregs klimamål må ta utgangspunkt i klimavitskapen som det faglege grunnlaget, i samsvar med Parisavtalen. Det betyr at Noregs klimamål må vere høgt nok til å bidra til 1,5 graders oppvarming og reflektere Noregs ansvar som industriland. Ifølge Miljødirektoratets faglege vurderingar bør målet vere minst 80 prosent for 2035 målt mot 1990, inkludert bruk av fleksible mekanismar gjennom samarbeid med EU, og kvotekjøp gjennom Parisavtalens avgjerder.

Maritime CleanTech anbefaler eit klimamål på minst 80 prosent i 2035 målt mot 1990-nivå inkludert bruk av fleksible mekanismar i EU og kvotekjøp gjennom Parisavtalens avgjerder.

Nytt mål for nasjonale utslepp

Noreg bør ha eit lovfesta mål om nasjonale utsleppskutt (utan bruk av fleksible mekanismar) som omfattar heile økonomien og som meldt inn til Parisavtalen. Det gjer det meir føreseieleg for næringslivet og resten av samfunnet, i tillegg styrkar det norsk konkurransekraft i ei verd med raske utsleppskutt. Eit slikt nasjonal mål vil gi meir autoritet og gi nødvendig internasjonal forankring, i motsetning til dagens «omstillingsmål». Målet må vere ambisiøst, men realistisk. Miljødirektoratet anbefaler eit nasjonalt mål på 60 prosent utsleppskutt målt mot 1990. Det er mogleg å oppnå, men vil krevje ei skjerping av dagens politikk. Bruk av fleksible mekanismar gjer at Noreg kan ha eit høgt klimamål i tråd med ei rettferdig fordeling, men utifrå eit næringspolitisk perspektiv må Noreg bruka betydelege ressursar for å omstilla si eigen økonomi for å sikra eigen konkurransekraft. Noreg har gode moglegheiter til å utvikla, eiga og eksportera klimateknologi, i tillegg til å sørge for europeisk produksjonskapasitet av klimateknologi jmf Draghi-rapporten. Norsk maritim næring er allereie verdsleiande innan klimateknologi i skipsfarten, og representerer ei komplett verdikjede med store moglegheiter til vekst i arbeidsplassar og eksport. Då trengst det ein ambisiøs og føreseieleg klimapolitikk. Eit mål for innanriks utsleppskutt bidreg til dette.

Maritime CleanTech anbefaler eit lovfesta mål for innanriks utslepp på 60 prosent målt mot 1990-nivå.

Eige mål for skipsfarten

Skipsfarten står i ei særstilling internasjonalt. Skipsfarten er ein av få globale sektorar med ei anerkjent internasjonal reguleringsmyndigheit med sanksjonsmoglegheiter i IMO. IMO har nyleg vedtatt ein skjerpa klimaambisjon på 70 prosent utsleppskutt innan 2040, og netto-null i 2050. Samtidig forhandlar partane i IMO om ein global økonomisk mekanisme for å realisera ambisjonane som skal avgjerast før sommaren 2025. Ei global CO₂-avgift for internasjonal skipsfart er aktuell. I tillegg blir skipsfarten no fasa inn i EUs kvotesystem, og frå 2025 gjeld FuelEU Maritime-forordninga som set gradvis strengare krav til reduksjon av klimagassintensiteten i energien som blir brukt av skip, med ein start på 2 prosent reduksjon i 2025 og ei auke til 80 prosent reduksjon innan 2050. Samla sett krev desse internasjonale reguleringane ei rask omstilling av den norske flåten for å styrke konkurransekrafta, og sikra at norske skip kan oppretthalde sin viktige beredskapsfunksjon i norske farvatn.

I dag finst det eit eige sektormål for innanriks sjøfart på 50 prosent kutt innan 2030. Målet er ikkje lovfesta eller meldt inn til Parisavtala, men er forankra i Stortinget og i den nyleg inngåtte maritime klimapartnerskapen mellom regjeringa og næringa. For å sikra forankring og gjere det meir føreseieleg for næringa å gjere nødvendige investeringar bør

det lovfestast eit eige klimamål for innanriks sjøfart i 2035. Eigne sektormål er det opning for i Parisavtalen, og er tatt i bruk av fleire andre land.

Maritime CleanTech har ikkje kome opp med ei god metode for å berekna kva eit slikt mål bør vere, men ei lineær vidareføring av målet om 50 prosent kutt i 2030 tyder i retninga av minst 60 prosent kutt i 2035. Auka vekst i næringa kan og gjere det vanskeleg med eit absolutt mål, og det kan difor og vere formålstenleg med eit intensitetsmål.

Maritime CleanTech anbefaler eit eige lovfesta klimamål for innanriks sjøfart på minst 60 prosent innan 2035.

Samarbeid med EU

Både nasjonale mål om utsleppskutt og koplingar til EU handlar om at Noreg skal forankre ei grøn omstilling av norsk økonomi gjennom internasjonale forpliktingar. Dette gjer at vi er i same båt som nabolanda våre i Europa og i same kategori som andre rike land. Å ta mest mogleg del i EUs felles klimapolitikk gir både stabile og føreseielege rammer for norsk næringsliv og deltaking i eit solid rammeverk for den vidare utviklinga av klimapolitikken. Kvotesystemet er «grunnmuren» i EUs klimapolitikk, men berre ein liten del av regelverket som rammar inn marknadsaktørane og den nasjonale politikken i medlemslanda.

Ettersom Noreg ikkje er medlem av EU, vil Noreg og EU rapportere separat til Parisavtalen. Men fordi vi er så tett samanvevd med EU, er det svært viktig at det er klarheit i korleis utsleppskutt skal rapporterast. Dette gjeld mellom anna fordelinga mellom Noreg og EU når det gjeld kutt innan kvotesystemet, og andre delar av samarbeidet med EU der det er fleksibilitet i gjennomføringa. Dette skaper sterkare styringssignal og gjer det meir føreseieleg dess tidlegare det er klarheit i dette.

Maritime CleanTech anbefaler at Noreg bør knyte seg tettast mogleg til EUs klimapolitikk, både gjennom EØS-avtalen og anna regelverk, også etter 2030.

Vennleg helsing,

Reber Iversen

Policy and Project Manager

Maritime CleanTech



**maritime
cleantech**